

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne
Avdeling: Kulturavdelinga

Sak nr.: 11/40-2

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 2

Tal uprenta vedlegg: *

Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2011

Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutval for kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Brev frå Riksantikvaren av 16.12.2010 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2011 vert teke til vitande.

Prenta vedlegg:

1 Brev frå Riksantikvaren av 16.12.2010

2 Utdrag av vedteke handlingsprogram for kultursektoren 2011

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Vedlagte brev frå Riksantikvaren om prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2011 (vedlegg 1) gjer greie for

- Føringar frå statsbudsjettet 2011
- Riksantikvarens føringar for 2011 i høve dei nasjonale måla
- Område som Riksantikvaren har særleg fokus på i perioden 2010-2012
- Særlege utfordringar for den regionale kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane.

Når det gjeld utfordringar og satsingar i Sogn og Fjordane har Riksantikvaren bedt om faglege innspel frå fylkeskommunen. Riksantikvaren peikar på at det er ønskjeleg at den enkelte fylkeskommune finn sin måte å bidra til å nå måla som ligg i dei nasjonale føringane.

Hovudutval for kultur har i HK-sak 6/11 vedteke handlingsprogram for kultursektoren for 2011. I denne saka er det gjort greie for koplinga mellom ulike nasjonale og regionale planer/føringar som grunnlag for handlingsprogrammet. Fylkesrådmannen gjer merksam på at det løpande forvaltningsarbeidet (handsaming av plan- og byggesaker) kjem i tillegg til dei tiltaka som er med i handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet sine kulturminnefaglege tiltak følgjer som vedlegg 2.

Fylkesrådmannen rår til at brevet frå Riksantikvaren vert teke til vitande.